21	576	23/45502	03.11.2023	Petra Kristine Grytten	Gbnr. 98/7	<ol style="list-style-type: none"> Ønskjer at LNFR-området blir endra til LNF spreidd, knytt til feltnamnet LS298. Vil knyte området i sør merkt i raudt (punkt 4/bilde 7) til resten av 98/7 - LS298. Det vert vidare ønskt at LS298 vert utvida til å omfatte del av tomt på sørsida av veg.
21	590	23/45560	03.11.2023	Nordnes Utvikling	Gbnr. 98/16 + 17 Nordneset	Peiker på at tidlegare innspel ikkje er vurderte. Påpeikar ein betydeleg endring i formålet i nytt forslag til arealdelplanen utan omsyn til grunneigarens rettar. Meiner

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
						at overgangen frå fritidsbebyggelse til LNRF-område utan grunneigarens samtykke er urettferdig og vil føre til verditap for egedomen.
21	595	23/45477	03.11.2023	Aldis Ragna Grytten Sund	Gbnr. 98/13	1. Ein ønskjer at tidlegare bustadføre mål vert ført tilbake mot strandsone, i samsvar med tidlegare kommunedelplan. 2. Ein ønskjer vidare endring av del av bustadområde til fritidsbebyggelse eller LNF-spreidd.
21	615	23/45801	07.11.2023	Solrun Edit Underdal Nistad mfl.	Langeneset Stavang Gbnr. 98/163 med fleir.	Kommentar til tidlegare innspel. Innspel gjeld usemje med eigedomsgrenser som ein meiner er i strid med føremål i detaljreguleringsplanen. Ein meiner vidare at veg, avsett i planen bør vere referansepunkt til oppmåling, og at oppmålinga difor er feilaktig.
21	633	23/53236	18.12.2023	Xform	Gbnr. 98/154	Ønskjer vidareføring av naustareal avsett i detaljregulering til oppheving med bakgrunn i pågåande byggesak.
21	647	24/36748	31.07.2024	Solrun og Knut Nistad	Gbnr. 98/163	Ønskje om justering av arealføre mål i samsvar med tomtegrenser. Dette er pr. i dag unøyaktig og skal målast opp på nytt. Jf. innspel Jp.nr. 23/45801, Dok.nr. 615.
21	653	24/43541	23.09.2024	Stiv Kuling	Stavang, Gbnr.98/155 m.fl.	Oppdatert situasjonskart. Supplement til innspel Dok.nr. 333, jp.nr. 23/40345
10, 9 og 5	317	23/39268	22.09.2023	Brothers på vegne av Carlson Eiendom. Bruket Eiendom Lotsberg Måløy Sentrum	Blålida, Gbnr. 307/20 og 75 Gbnr. 307/33, 2, 3 og 76 Gbnr. 309/31 Gbnr. 305/68, 69 og 74	1. Ønskje om at arealføre mål bustad vert utvida over heile tomte til Gbnr. 307/20 og 75 på grunnlag av tidlegare fatta vedtak, Vågsøy sak 16/166. 2. Gbnr. 307/76 er eigd av Bruket Eiendom As. Ein ønskjer at tomte vert regulert frå føreslegne VK003 til næringsføre mål og at det leggast til rette for fylling i Hesjevika. 3. Ønskjer å settje opp hall knytt til NÆ038, Gbnr. 309/31 4. Ønskjer mindre justering av NÆ047 mot Deknepollvatnet i samsvar med innsendte teikningar.
13, 15	438	23/44608	16.10.2023	Sjøtroll Havbruk AS	Stavfjorden Aralden	Ønskje om to nye areal for akvakulturanlegg til produksjon av laks ved: 1. Stavfjorden 2. Aralden
12 og 17	294	23/36606	05.09.2023	Kinn kommune, Bisjelneset og Terøya	Kystvegen Måløy-Florø AS v/ Reidar Sandal	Kystvegen Måløy - Florø AS stadfester at vegtrasé er lagt inn rett. Ein ber om at vidare planarbeid følger opp innspellet vidare og legg til rette for at ein ikkje får unødige tidstap når traseane skal planleggast og byggast.
17, 18	522	23/45315	03.11.2023	Grøfjellet Beitelag	Terøya, Grønenga mfl. områder	Ber om at beiteområda bør synast i arealplanen. Dei viser til vedlagt kart der både Store- og Litle Terøya, i tillegg til omliggande øyar, er beiteområde under Grøfjellet Beitelag.
100	399	23/43678	19.10.2023	Avinor	Florø og omgjevnad	Motsegn, grunna manglande restriksjonssone i planen.
100	445	23/44683	26.10.2023	Fiskeridirektorat et	Sjøareala samla.	Motsegn til felt VK206, 205, 208, 203, 204 og 209

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
						<p>Arealformål og bestemmelser: Endringar må gjerast i arealformål og bestemmelser knytt til delområda 13, 14, 18, og 20 for å sikre rekefelt mot ekskluderande fortøyningar frå næraste akvakulturområde.</p> <p>Gamle Vågsøy-delen: Manglar avsetting for enbruk fiske i stor grad. Krav om avsetning av område for reketråling og snurrevad.</p> <p>Konflikt med fiskeriinteresser: Fiskeridirektoratet vurderer at planforslaget kjem i konflikt med fiskeriinteresser av vesentleg regional betydning.</p> <p>Vurdering av planforslaget: Plankartet balanserer bruk og vern i sjøområda, men det vert påpeikt utfordringar knytt til enbruk fiskeområde. Fiskeridirektoratet tilrår tydelegare bestemmelser for å sikre fiskeprioritet i sjøområda. Planbestemmelsene sikrar ikkje tilstrekkeleg mot ekskluderande tiltak i viktige fiskeområde.</p> <p>Punkt i Planbestemmelsene: Fiskeridirektoratet tilrår endringar i punkt 7.7 Fiske for å klargjere hindringar for utøving av fiske. Bestemmelsene om akvakultur (AKV) i delområda 6, 8, 16, og 18 manglar heimel og tilrådest fjerna. Motsegn blir fremja mot bestemmelsene knytte til rekefelt i fleire delområde, og det blir påpeikt behov for avklaring på kommuneplannivå.</p>
100	516	23/45303	03.11.2023	Riksantikvaren		Anmodning om fristutsettelse.
100	517	23/45307	03.11.2023	Kinn Kyrkjelege Fellesråd	Kyrkjegardar	Tidlegare har det blitt sendt inn oversyn over kyrkjer og kyrkjegardar i kommunen med ønske om rettingar i kartportalen. Det blir framheva at kyrkjene bør registrerast som offentleg tenesteyting, medan kyrkjegardane bør kategoriserast som grav- og minnelund. Det er ønskje om at desse endringane blir implementerte i den nye arealplanen. Det blir også nemnt mogleg utviding av kyrkjegardane i Skavøypoll og Holvik. Særleg blir det peika på at toalettbygget og sakristiet ved Kinn bør regulerast som offentleg tenesteyting. Kyrkjegardane vert vurderte som viktige kulturminne, og det blir bedt om ein verneplan for desse. Desse elementa vert bedt om å inkludere i kommuneplanen.
100	579	23/45517	03.11.2023	Vestland Fylkeskommune		<p>Fylkesutvalet (FU) har følgjande merknader/ motsegnspunkt:</p> <ol style="list-style-type: none"> FU meiner det er positivt og viktig for den heilskapleg utviklinga at kommunen får på plass eit oppdatert styringsverktøy for arealdisponeringa. Kommunen har utarbeidd eit godt kunnskapsgrunnlag og fylkesutvalet trekk særleg fram arbeidet med arealrekneskapet som positivt. Samla konsekvens av arealbruks-endingane planframlegget legg opp til, er ikkje gjort greie for. FU ber kommunen utarbeide ei vurdering av korleis miljø og samfunn vert påverka av summen av dei føreslåtte arealbruksendingane. FU ber kommunen stramme inn bruken av spreidd utbygging i LNF-områda, og vere tydelegare for kva som er føremålet (underformål) i fleire av delområda.

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
						<p>Dette gjeld særleg i ytterkantane der avstand og manglande transport-alternativ vil gjere reisene bilbaserte.</p> <ol style="list-style-type: none"> 4. FU meiner kommunen har eit godt kunnskapsgrunnlag for karbonlagring i ulike arealtypar, men ber kommunen nytte omsynssone og føresegner meir aktivt for å sikre klimaomstilling og oppfølging av regional plan for klima.5 5. FU tilrår at det vert arbeidd med kartlegging av funksjonell strandsone i byggeområda i strandsona og at byggegrena mot sjø vert fastsett ut i frå den, i samsvar med metoden i rettleiaren «Strandsonerettleiar Vestland fylke». 6. FU ber kommunen ta ut enkeltområde som har stor negativ verknad for omsynet til friluftsliv og rekreasjon. 7. Arealføremåla NÆ208 og NÆ211 er foreslått som næringsområde knytt til utvikling av Fjord Base i Florø. Fjord Base er ein viktig næringsverksemd i Vestland og har ein sentral posisjon i høve til grøn næringsutvikling som hub i Grøn Region Vestland. Vidare utvikling av denne vil vere i samsvar med Regional plan for berekraftig verdiskaping. Områda har store verdiar knytt til landskap, friluftsliv, naturmiljø og karbonrike naturtypar. Områda er frårådd i KU, men tatt inn i planframlegget av næringsomsyn. KU-forskrifta set krav om alternativ for lokalisering, men det går ikkje fram av planforslaget. Områda NÆ208, Store og Litle Terøya, og NÆ211, Rota, og mogleg sjøareal for havvind- produksjon må sjåast i samanheng og opp mot reelt arealbehov. Fylkesutvalet meiner at kommunen må arbeida meir med alternativ-vurderingar og KU for næringsområda før ein kan ta stilling til arealbruken. Det er knytt motsegn til dette ut i frå krava i KU-forskrifta. Det er ein føresetnad at Vestland fylkeskommune får revidert planframlegg på ny høyring. 8. FU ser positivt på planar om utvikling og fortetting i sentrumsføremålet SF006, og ber om at området blir planlagt for å passe inn i omkringliggjande bymiljø. 9. FU støttar administrative motsegner knytt til manglar i planforslaget av teknisk og formell karakter som kan løysast med endringar i føresegn, arealføremål, og bruk av omsynssoner: <ul style="list-style-type: none"> • Arealføremål LS211 samsvarer ikkje med H730 bandlagt kulturminne: Gravhaugen må sikrast med ei tilstrekkeleg vid omsynssone H570 ut over H730-sona m/tekst i føresegna H570 at det ikkje er tillate å sette opp installasjon som verkar skjemma eller som hindrar siktlinene frå gravhaugen. Alternativt kan arealføremålet kring gravhaugen gjerast om til vanleg LNFR, eller gravhaugen kan innlemmast i omsynssona kulturmiljø til Svanøy hovedgård. • Arealføremål LS 211 kjem for nært opp til kulturmiljøet ved Svanøy hovedgård, som heller ikkje har fått sone H570. LS211 må reduserast og erstattast med LNFR og H570-sone. • Arealføremål framtidig T201 ved Kinn kyrkje og mellomalderkyrkjegard må reduserast vesentleg.

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
						<ul style="list-style-type: none"> • Feil bruk av bandlagt etter kultur-minnelova H730 i plankartet. Berre verna objekt skal merkast med H730, For å sikre areal mellom eller rundt, skal sone H570 nyttast. (Stakaldeneset & stinbrot Svanøy hovedgård). • Småbåthamn SH226 og utviding av LNFR spreidd LS279 på , Tansøy. Må tilbakeførast som i gjeldande KPA. • Manglande omsynssone H570 ut over bandlagt areal ved helleristingsfeltet i Ausevik og innsnevring av LS218 Omsynssone H530 må erstattast med omsynssone H570 og omsynssona må også dekkje gardstunet like ved. I tillegg skal arealføremålet LS218 reduserast mot vest. • Føresegn 8.13 bandlagt etter kulturminnelova H730 punkt a. og b, må endrast til: «Automatisk freda kulturminne vist som omsynssone d) (SOSI-kode H730) er bandlagt etter Kulturminnelova. Det er ikkje tillate å sette i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Ein eventuell søknad om løyve til inngrep i et automatisk freda kulturminne eller inngrep som kan ha verknad på kulturminna, skal sendast til fylkeskommunen i god tid før arbeidet er planlagt igangsett» • Må innarbeide følgjande tekst i føresegn 6.2 LNF-areal spreidd (LS) i høve kulturminnelova § 9: «Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. I dei einskilde LNFR-areala der spreidd utbygging er tillate, skal kommunen gjere avtale med regional kulturminnemynde om kulturminnefagleg avklaring knytt til kulturminnelova §9 av det aktuelle arealet avsett til LNRF-spreidd LS, før oppstart av kommunen si handsaming av tiltak» • Feil bruk av føresegn knytt til mellomaldergrunnen på Kinn og omgjevnadane. Motsegna blir trekt når punkt d i føresegn 8.13 blir tatt vekk og det i staden blir laga retningslinjer til H570 som sikrar omgjevnadane til kyrkja. Omsynssona må vere tilstrekkeleg stor slik at omgjevnadane til mellom-alderkyrkjestaden vert ivaretatt. Føresegn om Riksantikvaren si godkjenningrutine knytt til søknadsplichtige tiltak etter kulturminnelova, skal innlemmast i føresegn for H730 for Kinn kyrkje. Det same skal fylkeskommunen si godkjenningrutine for mellom-alderkyrkjegrunnen. • Motsegn mot Føresegn 3.9 b), 3.11 sjøbuer b), 6.2 sjøbuer b) som opnar for etablering av fast kai framfor gamle sjøbuer i ABA, KBA og LS. Setninga om fast kai framfor dei gamle sjøbuene må takast ut. <p>Andre moment som går fram av saksframlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> • KU: Manglar samla vurdering av verknad. Det må utarbeidast ei skildring av korleis miljø og samfunn vert påverka av samla sum for føreslegne arealbruksendringar, (krav i KU- forskrifta §18). Manglar og vurdering av tema

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
						<p>økosystemtenester og nasjonalt/internasjonalt fastsette miljømål (KU-forskrifta §21)</p> <ul style="list-style-type: none"> Føresegnene: Gjerast meir tydeleg, t.d. felt med 0 nye einingar, men kan vidareutviklast i tråd med generelle føresegner (misvisande). Legge alle tilrådde avbøtande tiltak i føresegnene. Friluftsliv: Omsynet til friluftsliv verkar å vere ulikt følgt opp i dei to ulike delane av kommunen. Der det i Florø-delen, er lagt omsynssone friluftsliv er lagt inn for kartlagt og svært viktig friluftsområde, synes dette annleis gjort i Måløy-delen, der viktige område er utelete/berre delvis med (t.d. Kråkenes, Refvik) Byggegrense mot sjø og vassdrag: Bør gjere ei ny vurdering av grensene 20m mot bekk/elv og 30m mot sjø/vassdrag, med klargjering av definisjon av bekkeløp, elver, vassdrag, og funksjonell strandsonekartlegging mot sjø Akvakultur: Ta ut krav i føresegn om dokumentasjon (AKV004) og særlyøve (AKV011) – vert handtert etter Akvakulturlova. Byggegrense mot fv: Bør avklarast for kvart felt ved unntak frå veglova, ikkje generell regel. Tilkomst fv: Bør presisere at avkøyrslar skal vere i tråd med N100, samt at ein nyttar eksisterande tilkomstlar. Riksantikvaren: Omsynssonene på kyrkjestaden på Kinn bør korrigerast. Føresegnene 8.13 c og d må korrigerast, jfr. Ny lov (forslag til ny ordlyd i brevet)
100	584	23/45535	03.11.2023	Den Norske Kirke		Minnar om føresegna 8.13. Bandlagt etter kulturminnelova. Kyrkjelova er i dag erstatta av lov om trus- og livssynssamfunn.
100	607	23/45636	03.11.2023	Vestland Fylkeskommune	Måløy videregående	Måløy vidaregåande skule har planar om å byggje ein akvahall ved D-fløyen på Tennebø i Kinn kommune. Skulen treng ubehandla overflatevatn frå vassbehandlingsanlegget på Nygård, har godkjenning frå NVE og avtale med kommunen. Trasevalg blir vurdert i samarbeid med brønnboringsfirma og Vestland Fylkeskommune. Dei ber kommunen ta dette med i arealplanen om relevant.
100	611	23/45689	03.11.2023	Kystverket		<p>Motsegn mot utviding av akvakulturområde: Kystverket protesterer mot utviding av følgjande akvakulturområde: AKV004 (Lokalitet Bleket), AKV016 (Lokalitet Brunnsvika), AKV201 (Lokalitet Hovden), AKV202 (Lokalitet Grunnsvika).</p> <p>Faglege råd og tilrådingar: Utviding av akvakulturområde AKV014 (Lokalitet Verpeide) blir akseptert med visse avgrensingar. Det er behov for oppdatering av farleiene (linjesymbol sosi 1164) for Måløydelen. Korrigerering av VAO ankringsområde Allmenningen. Korrigerering av FE ferdselsområda Husefest og Hovden Øst. Inkludering av ankringsområda Svanøya Vest og Kalveskinshavet i planen.</p>

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
						<p>Unntak frå plankrav og generelt byggeforbod i strandsona for navigasjonsinnretningar.</p> <p>Gjennomgang av akvakulturområde: Det blir gitt detaljerte vurderingar og forslag til endringar for kvar av dei omtalte akvakulturområda.</p> <p>Grunnlag og føringar: Kystverket viser til sitt ansvar for kystforvaltning og betonar viktige omsyn som må ivaretakast med omsyn til lov om havner og farvann. Framhevar nasjonale forventningar som kommunen skal ta omsyn til i planlegginga.</p> <p>Oppsummering og avslutning: Kystverket avsluttar med å seie at dei generelt ser at planframlegget balanserer godt mellom bruk og vern av areala og understrekar viktigeita av å ivareta trygt farvatn.</p>
100	612	23/45691	03.11.2023	Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard		<p>Manglande Oppstartsvarsel: DMF har ikkje motteke oppstartsvarsel for kommuneplanens arealdel og har difor ikkje deltatt tidlegare i prosessen.</p> <p>Fagleg råd til Konsekvensutgreiing: Det blir påpeika behovet for å inkludere mineralressursar som eige tema eller under naturressursar i konsekvensutgreiinga.</p> <p>Anbefalingar angåande Plankart og Konsekvensutgreiing: DMF tilrår at områda NÆ039 og NÆ040 vert oppretthaldne som føremål for råstoffutvinning. Endringar frå råstoffutvinning til næringsbygningar må grunnjevast, og konsekvensane for pågåande drift må vurderast. Det blir etterlyst ei heilskapleg oversikt over eksisterande og nye område avsett til råstoffutvinning. Det blir tilrådd å setje av område til noverande og framtidig råstoffutvinning i plankartet. Ved etablering av nye masseuttak må det dokumenterast behov og vurderast i tråd med nasjonale retningslinjer. Eksisterande område for råstoffutvinning bør vurderast for vidareføring i den nye planen.</p> <p>Tilråding om Bruk av Omsynssoner: DMF oppmodar kommunen til å vurdere bruk av omsynssoner for område med registrerte mineralske ressursar.</p>

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
						<p>Kommentarar til Konsekvensutgreiinga: DMF går gjennom to område (NÆ018 og NÆ032/NÆ047) som berører grusførekomstar og gjev merknader til konsekvensutgreiinga.</p> <p>Andre Merknader til Plankart og Føresegner: Kommentarar om utydelege plankart, manglande plankrav for råstoffutvinning og forslag til endringar i føresegner.</p>
100	614	23/45737	03.11.2023	Mattilsynet		<p>Uttalen gjeld område som omhandlar drikkevatt, plantehelse, fiskehelse/fiskevelferd og dyrehelse/dyrevelferd.</p> <p>Her er dei viktigaste punkta i uttalen:</p> <p>Manglande oppstartsvarsel: Mattilsynet påpeikar at dei ikkje har motteke oppstartsvarselet til KPA og at dette kan være årsaka til manglande dialog. Dei meiner at nokre av innspela i uttalen kunne vore betre presentert som svar til oppstartsvarselet.</p> <p>Drikkevatt: Mattilsynet forventar at planen tek omsyn til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027, særleg med tanke på sikring av drikkevasskjelder. Dei ber om at òg private vatnforsyningar, særleg dei største, vert inkludert i plankartet med tilhøyrande restriksjonar. Det vert nemnt behovet for vern av grunnvassressursar eller eigna overflatevatnskjelder.</p> <p>Registrering og plangodkjenning av vatnforsyningssystem: Mattilsynet påpeikar at det er viktig at kommunen krev søknad om plangodkjenning for nye vatnforsyningssystem med drikkevannsproduksjon på minst 10 m3 per døgn. Det etterlyst krav om bekrefting på at eksisterande vatnforsyningar er registrerte hos Mattilsynet.</p> <p>Fellesanlegg og spredt byggjetettleik: Mattilsynet støttar kommunen sitt fokus på utnytting og fortetting i allereie utbygde område for å oppnå hygienisk tilfredsstillande drikkevannsforsyning. Det vert minna om vass- og avløpsanleggslova som regulerer eigarskapsformer for slike anlegg.</p> <p>Rekkefølgjereglar:</p>

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
						<p>Mattilsynet påpeikar behovet for at vatn- og avløpsinfrastruktur skal vere etablert før bustader vert tekne i bruk.</p> <p>Det etterlyst krav om ein heilskapleg kartlegging og vurdering av vatn- og avløpssystema i kvar reguleringsplan.</p> <p>Uttalelse til fagområda plantehelse og fiskehelse/fiskevelferd: Det vert føreslått å utarbeide føresegner for å hindre overføring av smitte med masse frå anleggsvirksomheit og krav til entreprenørar for å sikre kunnskap om skadedyr.</p> <p>Tilsvarande føresegner ønskjer dei òg for fiskehelse og fiskevelferd, særleg ved akvakulturanlegg.</p> <p>Akvakultur: Mattilsynet gjev spesifikke kommentarar til ulike delområde angående etablering av akvakulturanlegg, mellom anna bekymringar om avstandar til eksisterande anlegg og fiskeslakteri. Mattilsynet påpeikar behovet for heilskaplege vurderingar av området Nordfjord, med tanke på allereie etablerte anlegg i nabokommunar.</p> <p>Spesifikke kommentarar blir òg gjevne til enkelte delområde som 3; Raudeberg-Skårastranda, 8; Osmundsvåg – Hjarteneset – Saltkjel, 10; Blålid-Okshola-Tennebø-Skavøypollen-Nygård, 17; Seljestokken - Haukå - Norddalsfjorden, 18; Rota – Grov – Tonheim – Storebru/Løkkebø, og 20; Stavøy – Høydalsfjorden – Ausevik/Høydalen.</p>
100	617	23/45968	08.11.2023	Statens vegvesen		<p>Fokus på Nasjonal transportplan (NTP) og planretningslinjer: Understrekar viktigheita av å ivareta føringane i Nasjonal transportplan, statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane, samt andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar. Dette er essensielt for å sikre eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvenleg transportsystem.</p> <p>Oppdatering av eksisterande infrastruktur: Støttar behovet for å oppretthalde og oppgradere infrastrukturen, særleg vegar som rv. 5 og rv. 15. Det er viktig å minimere kryss og avkøyrslar og være restriktive med nye tilknytningar for å oppretthalde trafikkens funksjon og flyt. Krav til utbetring av eksisterande kryss og avkøyrslar bør vere ein integrert del av planen.</p> <p>Trafikksikkerheit og kollektivtransport: Oppmodar sterkt til å fokusere på trafikksikkerheit, særleg langs skulevegar, gang- og sykkelvegar, samt sikre gode og trygge forhold for kollektivtransport. Det er også viktig å vurdere klimavennlege alternativ og oppmuntre til bruk av alternative transportmiddel som gåing, sykling og kollektivtransport.</p>

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
						<p>Kryss og avkøyrslar: Anbefalar ein grundig vurdering av alle kryss og avkøyrslar, med særleg merksemd på å minimere talet og sikre at dei oppfyller krava i N100 Veg- og gateutforming. Utbetringar bør gjerast i tråd med vegnormalane, og det bør vurderast å slå saman kryss for å redusere kompleksiteten.</p> <p>Trafikksikkerhetsplan: Oppmodar kommunen til å inkludere krav i planen som sikrar at den kommunale trafikksikkerhetsplanen blir integrert og følgjer opp andre overordna kommunale dokument, som samfunnsdelen i kommuneplanen.</p> <p>LNF-areal spreidd: Peiker på bekymringa for det høge talet enheter i område avsett til LNF-areal spreidd. Dette kan føre til auka biltrafikk og behov for skuleskyss, og det bør vurderast nøye i lys av nasjonale føringer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.</p> <p>Nye veglinjer: Ber om ein klar konklusjon angående valet av alternativ for ny Kystveg, og det bør presiserast at den valde linja blir gjeldande, medan den vraka linja fjernast frå plankartet.</p> <p>Oppheving av gammal plan: Anbefalar at det gjennomførast ein eigen prosess for oppheving av den gamle planen for Måløy sentrum og godkjenning av den nye planen, særleg med tanke på dagens manglande gjeldande reguleringsplan.</p>
100	618	23/46152	08.11.2023	Riksantikvaren	Måløy	<p>Gjeld berre «Sentrumstomta i Måløy».</p> <p>Fagleg råd frå fylkeskommunen om innsigelse vart ikkje fylgd av fylkesutvalet, og difor vart saka oversendt til Riksantikvaren for vurdering. Kommuneplanen inneheld forslag om byggehøgder opp mot 47 meter og 13 etasjar på «Sentrumstomta» i Måløy. Riksantikvaren påpeikar at Måløy har historisk tyding som ein viktig hamn på Vestlandet, spesielt knytt til fiskeforedling etter andre verdskrigen. Bystrukturen er av regional kulturminneinteresse. Fylkeskommunen si administrasjon tilrådde innsigelse mot byggehøgden i kommuneplanen, sidan dei meiner det er i strid med vesentlege regionale kulturminneverdiar i Måløy. Administrasjonen argumenterte for at auka byggehøgder kan ha negative konsekvensar for bygningsmiljøet og heilskapen i bylandskapet. Riksantikvaren har vurdert saka og konkludert med at planane er i strid med kulturminne av vesentleg regional interesse. Dei legg likvel ikkje inn motsegn, men tilrår at kommunen tek omsyn til kulturmiljøet ved å redusera maksimal byggehøgde.</p>

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
100	623	23/46680	09.11.2023	Statsforvaltaren i Vestland		<p>Generelt inntrykk av omfattande og grundig arbeid, men nokre manglar utgreiingane og nokre andre manglar. Føresegnene for fleire av arealformåla er for upresise.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planen kan stri mot vesentlege mål og føringar innan ny arealpolitikk, nye nasjonale føringar og gjeldande lovverk. Eige vedlegg, der fleire felt er bemerkta. • Viser til planomtalen om framtidig utvikling av området rundt Botnastranda/ Fjordbase for havturbinar. Dersom tiltaket skal takast inn i planen, må det vere tilstrekkeleg utgreidd (KU), og med alternative lokalitetar. <p><u>Klima, klimatilpassing og vassdrag:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Innan 2030 skal Noreg restaurere 15 % av vassdragsnaturen i landet. • For å imøtekome klimaendringane, må kommunar vurdere naturbaserte løysingar for handtering av overvatn i deira planlegging (opne bekkar, meir plass til vassdrag, kantvegetasjon m.m), evt. grunnkje kvifor dei er vald bort. • Kinn kommune har som mål å vere 0-utslepps-kommune innan 2030, ha robuste levekår for stadeigne artar, sikra og vareta naturmangfaldet og grøntområde, og planleggja slik at kommunen er sikra mot ekstremvær. Ny arealbruk bør såleis ikkje føra til tap av viktig natur og auka karbonutslepp. • Kommunen har utarbeida arealrekneskap og kartlagt karbonrike areal. Rekneskapen viser at kommunen ikkje er arealnøytral. Må ha tiltak for kompensasjon for areal, reduksjon eller tilbakeføring. Saknar oversikt over kva avsett areal som ikkje er utbygd endå (døme NÆ039&040, T001 & FB214) • Rår kommunen til fleire rekkefølgjekrav for å sikra etablering av infrastruktur som kan bidra til å redusere utslepp og betre naturmiljøet (t.d. sykkelparkering, ladepunkt elbil, tilfredsstillande blågrøn infrastruktur) • Rår kommunen om føresegn om ivaretaking av karbonrike areal og økosystem for klimatilpassing (viktige myr-/våtmarksområde, blågrøn struktur), krav om klimagassrekneskap m.m <p><u>Naturmangfald:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Kritiske til bruk av bakgrunnsinformasjon, der artsfunn med liten relevans er tillagt relativt stor vekt, medan høgproduktive og artsrike biotoper (t.d. gruntvass-områda i strandsona) ikkje er tillagt vekt, Desse er rett nok dårleg kartlagde og ikkje merka i Naturbasen. <p><u>Strandsone:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Viser til det lovfesta strandsonevernet, dvs. at strandsona som hovudregel skal haldast mest mogleg fri for utbygging og inngrep, og at bygging her bør avgrensast til bygg/formål som ut frå sin bruk må liggje ved sjøen. • Behov for næringsutvikling og arbeids-plassar skal tilleggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Utbygging bør også i omr. med mindre press søkjast plassert/konsetrert i område som er utbygde frå før.

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
						<ul style="list-style-type: none"> • Kan ikkje sjå at kommunen har gjort greie for korleis byggjegrensa langs sjøen for dei ulike byggjeområda er fastsett. <p><u>Landbruk og jordvern:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Positivt til utarbeidd arealrekneskap, som syner konsekvens for jordbruket. Viser positiv trend med reduksjon i omdisponering av jordbruksareal frå eldre til ny KPA, men likevel store areal sett av til LNF spreidd, der fleire er i konflikt med nasjonalt jordvern (t.d. LS008, 052, 121). Må redusere areal og tal til å betre samsvare med reelt behov utanfor tettbygde strøk (berre 5000 av kommunens 17.000 innbyggjarar bur utanom Måløy og Florø), samt redusere i «bynære» strøk (t.d. Halsør-Langenes-området). • LS-areala er for store og for upresise. Uheldig med hyttebygging på dyrka mark. Desse bør styrast til udyrka areal. • Byggefelt til bustadformål på dyrka mark er redusert frå 117 til 59 daa, fritidsbustad er redusert frå 102 til 40 daa, medan byggeområder til næring, offentlig tenesteyting og kombinert-formål er auka frå 44 til 53 daa. • Samla er nedbygd areal stort i høve nasjonal jordvernsmål på maks 2000 daa/år nasjonalt, der Kinn kommune sin andel utgjer berre 5-6 daa/år. <p><u>ROS-analyse:</u></p> <p>Kommunen har arbeid godt med ROS-analysen til kommuneplanens arealdel, men ber kommunen følgje opp:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Saknar meir utfyllande skildring av prosess og medverknad ved ROS-analysen, jf. rettleiar DSB(m.a. nytte lokalkunnskap) • Saknar ei tydeleg utgreiing/grunngeving knytt til val av akseptkriteria, t.d. kvifor kommunen aksepterer langt høgare risiko for nokre typar uønskete hendingar enn andre (skred/flaum kontra andre hendingar). • Skeptisk til å ikkje nytte tryggleiksklassar for områder utan plankrav. • Manglar markering/omsynssone i plankart for risikoobjekt eller særleg sårbare objekt/infrastruktur (m.a. storulykkeverksemdar) er markert i plankartet med omsynssoner og tilhøyrande krav i planføresegnene. Planlagt hydrogen/ammoniakk kan påverke tilgrensande planlagde byggeområder, og legge band på kva type tiltak som kan tillatast. <p><u>Referat utvida dialogmøte den 02.11.2023</u> inngår i samordna uttale frå Statsforvaltaren. Dialogmøtet kom til på bakgrunn av KDD sine rutinar for samordning av motsegnssaker. Motsegnsmoment vert oppsummert og kommentert under kvar einskild faginstans. Statsforvaltaren hadde følgjande moegelege motsegnspunkt, som kommunen må vurdere nærare:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Manglande vurdering av grunnlaget for vidareføring av «gamle område» ifrå KPA i 2002/2016 • Overordna strandsone kartlegging – byggjegrense mot sjø må avklarast i høve tilgjengeleg/verdifull strandsone

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
						<ul style="list-style-type: none"> Område sett av til fritidsbustadføre mål – nærare vurdering av når det skal setjast krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan ABA-FØREMÅL: Andre bygg og anlegg (naust, sjøbuer, sjøhus): Må vurdere behovet for desse områda opp i mot strandsoneveriar, samt behov for utarbeiding av detaljreguleringsplan KBA-FØREMÅL (kombinert byggje- og anleggspføre mål): må ta omsyn til landbruksinteresser og byggegrense mot sjø må vurderast nærare Akvakultur: Må vurdere lokalitetar i høve naturmangfald, og det må utarbeidast KU- for områda. LS-føre mål – areal for spreidd bustad, fritids- eller næringsbygg: Områda må reduserast slik at dei ikkje er i konflikt med landbruksinteresser Bustadkapasitet/bustadreserve – overkapasitet?: Planen må utdjupe behov for bustadar i planperioden Næringsføre mål: Føresegnene for dei einskilde områda må i større grad presisere bruk og konsekvensar av bruk. Vassdrag – vassressurslova § 11: Dette må vurderast betre i planframlegget RU – Råstoffutvinning: Må vurdere plassering av nokre føremål i høve naturmangfald. Ferdelsføre mål FE: Planen har ikkje presisert godt nok i føresegnene kva type tiltak som kan gjerast innafor føremålet Molo: Ønskjer ei vurdering av behov for bygg innafor desse områda. Samfunnssikkerheit og beredskap: Planen må utdjupe og grunngje forhold knytt til samfunnstryggleik betre. Tilhøvet til eksisterande planar: Presiserer at dersom kommunen skal nytta omsynssone H910 må desse områda gjelde uendra.
150	249	23/30671	06.07.2023	Simen Nordheim	Kinn kommune	Generelt innspel om å stimulere for tilflytting ved å opne opp for bygging av bustad innan 100-meters-beltet.
150	327	23/40225	29.09.2023	Florø bulystforening v/ Stein Faleide Malkenes og Erik Svendsen	Terøya og fastlandet	Etterspørsel til innsyn og ettersending av godkjent behovsanalyse til alternativ trasé for kystvegen.
150	379	23/42905	18.10.2023	Treindustriens Landsforeining	Kinn kommune	Treindustriens Landsforeining ønskjer å vere part i høyringsprosessen.
150	433	23/44597	27.10.2023	Forsvarsbygg	Kinn kommune	Forsvarsbygg sine interesser vert ikkje berørt av endringar i planen
150	454	23/44795	31.10.2023	Vågsøy Pensjonistlag		Alle nye tiltak, både utvendig og innvendig, må utformast på ein måte som gjer at alle kan ferdast trygt, og at det er god framkome overalt. Dette hevdar dei har blitt lite ivaretatt fram til no. Dei ber om at dette blir teke på alvor i den nye planen.
150	488	23/45155	31.10.2023	Nordfjord Fiskarlag	Fiskerihamner i kommunen	Laget ynskjer at kommunen kartlegg og registrerer fiskerihamnene, og sikrar at områda har formål som tillèt fiskerirelatert aktivitet.

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
150	489	23/45157	31.10.2023	Nordfjord Fiskerilag	Fiskerihamner i kommunen	Laget ynskjer at kommunen oppdaterer fiskerihamnene i tråd med kart frå Fiskeridirektoratet (desse blir oppdaterte i løpet av nov/des 23). Kontaktperson for oppdaterte filer er Martin Mathisen. Bemerkar at ein må bruke rett lenkje/kartgrunnlag som er vist til i brevet.
150	501	23/45264	03.11.2023	Gjert Kåre Solheim	Generelt	Nedfallne gjerder, streng, piggråd og gamle kraftlinetråder er ein fare for ville og beitedyr på fleire stader i kommunen. Ber kommunen vurderer ansvar og tiltak for opprydding av dette avfallet.
150	527	23/45322	02.11.2023	Mowi	Akvakultur	Ønskjer utsett frist for å levere innspel.
150	563	23/45440	02.11.2023	Folkehelseavd. Kinn		<p>Helse i Arealplanlegging:Vurder konsekvensane av fortetting og arealutnytting nøye, særleg med tanke på støy, lys, trafiksikkerheit og luftkvalitet. Integrer desse helseaspekta i arealplanen frå starten av nye delplanar og prosjekt.</p> <p>Delområde 18 (Rota og Terøya):Motset seg næringsverksemd på Rota og bebyggingsplanane for Terøyane. Støttar ROS-analysens negative konklusjonar om påverknad på naturmangfald og friluftsliv. Argumenterer for at dette strir mot kommunen sin eigen strategi og nasjonale retningslinjer for strandsona.</p> <p>Støyvurderingar:Påpeikar manglande støyvurderingar, særleg der bustadområde grensar til næringsområde. Rår til klar definisjon av næringsområde og støykartlegging før planlegging.</p> <p>Heilskapleg konsekvensvurdering:Oppmodar til å sjå heilskapen av konsekvensane ved omregulering av Rota og Terøyane.Uttrykkjer uro for mogelege konsekvensar for friluftsliv og befolkninga i Florø sentrum.</p> <p>Positivt om Nordre del av Kinn:Gir positiv tilbakemelding på omsyn til strandsonevern, natur og friluftsområde i planen for Nordre del av Kinn.</p>
150	571	23/45491	03.11.2023	Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane		Oppmodar til ei vesentleg omlegging av naturforvaltning. Dei understrekar behovet for dramatisk reduksjon i arealforbruk, vektlegg naturens eigenverdi for folkehelse og klima, og kritiserer prioriteringa av næringsutvikling over naturmangfald. FNF ynskjer grundige kartleggingar, konsekvensutgreiingar, og restaureringsplanar, samt ei gjennomgang av reguleringsplanar og utviding av grønstrukturar. Dei oppmodar til varsemd i utviklingsprosjekt, særleg i strandsona, og ynskjer at kommunen vurderer naturverdiar i all utbygging.
150	593	23/45572	03.11.2023	Nina Andersen Nygård	Områder i og rundt Florø	Innspelet omfattar støyproblem og naturvern, bekymringar knytte til hydrogenfabrikk og havvindturbinar, vektlegging av landstrøm og trygt drikkevatt, forslag om lågare fartsgrenser, ønskje om bevare grøntareal og auka beplantning, behov for kvileplassar langs vegane, renovasjon og gjenbruksfasilitetar, forbetring

Omr.	Dok	Jp.nr	Dato	Innspel frå	Stad gbnr	Oppsummering hovudpunkt i merknad/innspel
						av busshaldeplassar og arkitektur, samt motstand mot nye anlegg for fiskeoppdrett og utviding av industriområde som Havikbotn.
150	658	24/45288	30.09.2024	Florø bulystforening Naturvernforbundet.	Florø og omland, Kinn kommune	Innspelet tematiserer ulike synspunkt kring medverknad, politiske prioriteringar i planen og manglande strategiar for å nå klima- og samfunns mål. Det vert framheva behov for auka medverknad frå innbyggjarar og ei breiare vektlegging av syn og ønskjer til framtidig utvikling i og kring Florø. Kritikkk vert retta mot det ein vurderer som brot på FN's Naturavtale, negative konsekvensar for natur- og grøntområde, og manglande avklaring av reelle behov for næringsareal i planen. Innspelar etterlyser sosial og økologisk berekraft, med fokus på gjenbruk av areal og forslag til avgrensa utviklingssoner. Innspelet peikar òg på kritiske punkt som utvikling av Fjordbase og planar for vindturbin-produksjon, samt opplevd ulik handsaming av aktørar og deira interesse. Innsendar vurderer på grunnlag av desse momenta å sende klage til Statsforvaltaren.
300	254	23/31009	07.07.2023	Strømsnes Eigedom	Gbnr. 27/1277	Innspel til kommunedelplan Florelandet Brandsøy (4602_20200001)
300	266	23/32802	08.08.2023	Thomas Mikkelsen	Gbnr. 27/1266	Innspel til kommunedelplan Florelandet Brandsøy (4602_20200001)
300	285	23/35554	25.08.2023	Skogselskapet v/Ruben R. Bøtun	Leira, Brandsøy Gbnr. 18/15 og 28	Ønskje om tilrettelegging for badeplass og leikeskog. Det skal etablerast 3 mindre parkeringsplassar på begge sider av veg. I tilknytning til hovudparkeringsplass skal det setjast opp eit enkelt grindbygg.
300	313	23/3	21.09.2023	Gunnar Helgås	Florø, Lindheim og Stadionvegen	Innspel til kommunedelplan Florelandet Brandsøy (4602_20200001)
300	321	23/39737	25.09.2023	Marit Sofie Kørtaug	Florø	Innspel til kommunedelplan Florelandet Brandsøy (4602_20200001) og Florø sentrum
300	479	23/45053	30.10.2023	Tor Rune Sandvik	Gbnr. 28/626	Innspelet gjeld reguleringsplan for Florelandet – Brandsøy. Ønskjer justering av «offentlig vei» til «bustad» føremål.
300	638	24/7705	07.02.2024	Martin Book	Krokåsen 28	Spørsmål knytt til Kommunedelplan Florelandet-Brandsøy, og gjeld veg med tilknytte parkeringsareal i Krokåsen, bustadområde B17. Uklare parkeringstilhøve kan skape uheldige situasjonar som hindrar framkomst av brannbilar - Ikkje relevant i KPA-arbeidet.
300	656	24/44732	28.09.2024	Tone Olsen Thesen	Brandsøysundet	Innspel gjeld ønskje om vern av området kring Brandsøysundet, avsett til LNF i KDP Florelandet Brandsøy, grunna omsyn til naturmangfold og born -og unges interesser.